



Jostein Kvamme Sylta
Syltaneset 10
5937 BØVÅGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/9550 - 21/78878

Saksbehandlar:
Roba Al Serhan
roba.al.serhan@alver.kommune.no

Dato:
22.11.2021

Fritak frå kravet om gjødselplan Gbnr 420/2 Utsylta

Administrativt vedtak: Saknr: 1261/21

VEDTAK:

Alver kommune gjev med heimel i § 5 i forskrift om gjødselplanlegging dispensasjon frå kravet om gjødselplan i 5 år fram til 25.11.2026 for Gbnr 420/2, då bruket er ekstentivt drive. Dersom det i løpet av desse 5 åra er endringar i areal, dyretal eller nytta gjødselmengde slik at føresetnadane for dispensasjon vert endra , må det fremjast ny søknad.

Saka gjeld:

Føretaket **Jostein Kvamme Sylta** har søkt om fritak for gjødselplan på grunn av ekstensiv drift på gbnr 420/2. Drifta er 14 vinterfora sauer. Søkjar eig 7,6 daa fulldyrka mark. Føretaket leigebort 1,9 daa overflatedyrka mark , 3,5 daa innmarksbeiteog 2,7 fulldyrka mark. Driftsformen er utgangardrift. Det er ikkje oppsamling av husdyrgjødsel då dyra går ute heile året. Føretaket kjøper inn 250 kg fullgjødsel 18-3-15.

Åreleg tilført næringsstoff p.r daa/år på fulldyrka mark					Kg Nitrogen	Kg Fosfor	Kg Kalium
Kg	Gjødselslag	Total areal		Kg pr.daa			
250	18-3-15	7,6	Fulldyrka mark	32,8	5,92	0,98	4,92

Normgjødsling i vårt område p.r daa/år er 22 kg nitrogen, 3 kg fosfor og 10 kg kalum .
GDE vinterfora sau/ geit = 2 minus beitetid blir 0.

VURDERING:

I forskrift om gjødselplanlegging står det i § 5 at kommunen kan etter søknad frå føretaket dispensera frå kravet om gjødselplan for føretak som vert drive svært ekstensivt. Gjødslinga skal vera under 50% av normgjødsling.

Bruket ligg under 50 % av normgjødsling. Bruket er lite, har få gjødseldyreiningar (GDE) og har stort areal i høve til dyretalet. Kommunen har derfor ingen merknader til at det vert gitt dispensasjon frå krav om gjødselplan i 5 år.

Regelverk

Forskrift om gjødselplanlegging.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentlig forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: « 21/9550 »

Med vennleg helsing
Alver kommune, Landbruk

Laila Bjørge
Avdelingsleiar

Roba Al Serhan
Rådgevar Landbruk

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Jostein Kvamme Sylta

Syltaneset 10

5937
BØVÅGEN